HELSE FONNA

# STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer
**FØRETAK:** Helse Fonna HF

**DATO:** 22.09.17
**SAKSHANDSAMAR:** Olav Klausen
**SAKA GJELD:** **Rapport frå verksemda**

**STYRESAK:** **60/17**

**STYREMØTE:** **29.09.17**
**1 vedlegg**

---

**FORSLAG TIL VEDTAK**

Styret i Helse Fonna HF tar rapport frå verksemda til etterretning.

# Rapport frå verksemda, august 2017

# Innhold


1 Administrerande direktør si vurdering ... 3

2 Økonomisk resultat ... 5

2.1 Økonomisk resultat ... 5

2.2 Sysselsettingsmidlar ... 6

2.3 Investeringar ... 7

2.4 Likviditet ... 10

3 Aktivitet og kvalitet ... 11

3.1 Aktivitet ... 11

3.2 Kvalitet ... 12

3.2.1 Ventetid (tal pr. 12.09.17) ... 12

3.2.2 Fristbrot (tal pr. 12.09.17) ... 12

3.2.3 Epikrise ... 13

4 Utskrivningsklare pasientar ... 16

5 Korridorpasientar ... 17

6 Medarbeidar ... 18

6.1 Bemanning (Månadsverk, overtid og meirarbeid) ... 18

6.1.1 Månadsverk ... 18

6.1.2 Overtid og meirarbeid ... 18

6.2 Sjukefråvær ... 19

6.2.1 Sjukefråvær fordelt på klinikkar/områder og kort- og langtidsfråvær ... 20

6.3 Deltid ... 20

Juridisk og korrigert gjennomsnittleg stillingsprosent ... 20

6.4 HMS ... 21

# 1 Administrerande direktør si vurdering

### Økonomi

Fram til og med mai i år har føretaket holdt budsjettet. I sommar har føretaket ikkje klart budsjettet. I juni var negativt budsjettavvik om lag 18 MNOK, i juli om lag 14 MNOK og i august om lag 9 MNOK. Årsakene til overskridingane er samansette. Både nye, dyre legemiddel, mindre inntekter og meir bruk av overtid og innleige har verka inn på resultatet. Administrerande direktør varsla heile organisasjonen om situasjonen primo juli og har hatt merksemd på å redusere overskridingane gjennom sommaren. Det er planlagd og sett i verk tiltak. I styremøtet vil det bli gjort nærmare greie for årsakene til avviket og dei tiltaka som er sett i verk og planlagd.

Prognosen for 2017 er redusert til 30 MNOK og administrerande direktør vil i styremøtet gjere greie for kva for tiltak som er planlagd for å kompensere for dette.

Byggeprosjektet ved Haugesund sjukehus har god framdrift. Prognosen for investeringar i byggeprosjektet for 2017 er 28 MNOK høgare enn i årsbudsjettet for 2017, men i tråd med langtidsbudsjett, forprosjektrapport og totalkostnadar for prosjektet.

### Aktivitet og kvalitet

I sommar har det vore monaleg færre pasientar innlagd i seng. Aktiviteten på poliklinikkane har vore høgare planlagd. Dette er for pasientane og føretaket ei ønskja utvikling, men det verkar inn på inntekter.

Gjennomsnittleg ventetid for alle behandla pasientar var 64 dagar. Somatikk 65, psykisk helsevern vaksne 46, BUP 76, rus 53.

112 pasientar blei behandla etter fristen gjekk ut i august. 43 pasientar på ventelistene har ikkje fått time innan fristen som er sett. Det er innan lungesjukdommar på Stord det er flest fristbrot for ventande.

22 pasientar hadde venta meir enn eitt år.

Fire av fem epikriser blei sendt innan fristen på sju dagar.

### Utskrivningsklare pasientar

37 somatiske pasientar låg tilsaman 110 døgn i sjukehusa i påvente av eit kommunalt tilbod.

### Korridorpasientar

To prosent av sengedøgna i somatikken var i snitt på korridor i månaden.Talet er det lågaste på lenge.

### Medarbeidar

Sjukefråveret i august var på 6,4 prosent.

| | Denne Periode ((Flere elementer)) | | | Hittil i år | | | Hele Året | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Resultat-Awik-rapporten | Regnskap | Budsjett | Awik budsjett | Regnskap | Budsjett | Awik budsjett | Budsjett | Siste låste prognose |
| Basisramme | 195 454 | 195 454 | 0 | 1 349 870 | 1 349 870 | -0 | 2 186 831 | 2 194 471 |
| Kvalitetsbasert finansiering | 1 058 | 1 058 | - | 8 466 | 8 466 | - | 12 699 | 12 699 |
| ISF egne pasienter | 65 413 | 69 831 | -4 417 | 559 827 | 573 792 | -13 965 | 864 471 | 849 323 |
| ISF-inntekt kostnadskrevende legemidler UTENFOR sykehus | 2 427 | 2 463 | -35 | 37 879 | 36 424 | 1 455 | 45 660 | 47 116 |
| Gjestepasienter | -27 | 1 232 | -1 259 | 5 942 | 6 502 | -560 | 8 693 | 7 952 |
| Polikliniske inntekter | 3 002 | 2 903 | 99 | 27 925 | 24 121 | 3 804 | 36 670 | 40 765 |
| Utskrivningsklare pasienter | 328 | 404 | -75 | 3 674 | 3 228 | 445 | 4 843 | 5 288 |
| Øremerkede tilskudd "Raskere tilbake" | 404 | 426 | -23 | 3 358 | 3 411 | -53 | 5 116 | 5 070 |
| Andre øremerkede tilskudd | 2 825 | 2 435 | 389 | 21 621 | 21 932 | -310 | 32 715 | 29 838 |
| Andre driftsinntekter | 13 572 | 10 310 | 3 262 | 91 888 | 83 970 | 7 917 | 128 833 | 137 620 |
| Sum driftsinntekter | 284 456 | 286 516 | -2 059 | 2 110 450 | 2 111 715 | -1 265 | 3 326 530 | 3 330 142 |
| Kjøp av offentlige tjenester | 7 843 | 9 124 | -1 282 | 79 090 | 74 774 | 4 316 | 154 205 | 158 331 |
| Kjøp av private helsetjenester | 1 670 | 2 201 | -531 | 10 762 | 16 679 | -5 917 | 25 677 | 19 485 |
| Varekostnader knyttet til aktiviteten i foretaksgruppen | 30 647 | 26 657 | 3 990 | 231 038 | 218 452 | 12 586 | 329 973 | 342 559 |
| Innleid arbeidskraft | 5 134 | 1 382 | 3 752 | 23 602 | 6 546 | 17 055 | 9 425 | 26 480 |
| Fast lønn | 150 480 | 149 712 | 769 | 1 038 186 | 1 029 937 | 8 250 | 1 626 372 | 1 603 535 |
| Overtid og ekstrahjelp | 8 584 | 6 546 | 2 038 | 69 851 | 45 278 | 24 574 | 71 316 | 95 890 |
| Pensjon inkl arbeidsgiveravgift | 28 307 | 28 382 | -75 | 227 155 | 227 055 | 100 | 340 583 | 348 916 |
| Offentlige tilskudd og refusjoner vedr. arbeidskraft | -6 675 | -3 579 | -3 096 | -61 565 | -28 818 | -32 746 | -43 771 | -76 517 |
| Annen lønn | 22 578 | 22 020 | 558 | 155 903 | 153 094 | 2 809 | 240 629 | 243 352 |
| Avskrivninger | 10 732 | 10 891 | -159 | 85 463 | 86 819 | -1 356 | 130 339 | 128 983 |
| Nedskrivninger | - | - | - | 122 | - | 122 | 12 740 | 12 862 |
| Andre driftskostnader | 30 732 | 30 002 | 730 | 267 614 | 256 483 | 11 131 | 390 916 | 399 420 |
| Sum driftskostnader | 290 031 | 283 338 | 6 693 | 2 127 222 | 2 086 298 | 40 923 | 3 288 405 | 3 303 297 |
| **Driftsresultat** | **-5 575** | **3 177** | **-8 752** | **-16 771** | **25 417** | **-42 189** | **38 125** | **26 845** |
| Finansinntekter | 433 | 407 | 26 | 3 725 | 3 256 | 469 | 4 885 | 5 354 |
| Finanskostnader | 138 | 251 | -112 | 1 195 | 2 007 | -811 | 3 010 | 2 199 |
| Finansresultat | 294 | 156 | 138 | 2 529 | 1 249 | 1 280 | 1 875 | 3 155 |
| **(Års)resultat** | **-5 281** | **3 333** | **-8 614** | **-14 242** | **26 667** | **-40 909** | **40 000** | **30 000** |
| Herav økte pensjonskostnader utover forutsetninger i Prop. 1 S | - | - | - | 0 | - | 0 | - | 0 |
| **Resultat justert for økte pensjonskostnader** | **-5 281** | **3 333** | **-8 614** | **-14 242** | **26 667** | **-40 909** | **40 000** | **30 000** |

# 2 Økonomisk resultat

## 2.1 Økonomisk resultat

Resultatet for perioden syner eit underskot på 5,281 MNOK mot eit budsjettert overskot på 3,333 MNOK.  Dette gjev eit negativt budsjettavvik på 8,614 MNOK.

Akkumulert er underskotet på 14,242 MNOK, som er 40,909 MNOK lågare enn budsjettert.

Årsprognosen for 2017 er på bakgrunn av resultatet hittil i år, satt ned til 30 MNOK.




| | Jan | feb | Mar | Apr | Mai | Jun | Jul | Aug | Sep | Okt | Nov | Des |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Resultat akkumulert | 2 523 | 4 727 | 9 010 | 11 410 | 15 964 | 1 424 | -8 961 | -14 242 | | | | |
| Budsjettavvik akkumulert | -810 | -1 940 | -990 | -1 924 | -703 | -18 576 | -32 294 | -40 909 | | | | |
| Budsjett akkumulert | 3 333 | 6 667 | 10 000 | 13 333 | 16 667 | 20 000 | 23 333 | 26 667 | 30 000 | 33 333 | 36 667 | 40 000 |
| Prognose akkumulert | | | | | | | | -14 242 | -3 181 | 7 879 | 18 940 | 30 000 |

Dei aktivitetsbaserte inntektene (ISF, poliklinikk og gjestepasientinntekter) syner for perioden eit samla negativt avvik på 5,612 MNOK. Dette gjeld i hovudsak ISF-inntekter i eigen helseregion.  Akkumulert er det negative avviket for dei aktivitetsbaserte inntektene 9,226 MNOK. Dette kjem av lågare drg-vekter enn budsjettert. Aktiviteten har vore noko høgare enn lagt til grunn i budsjettet, men lågare målt mot 2016.

Varekostnadene knyta til vår eigen aktivitet viser eit negativt avvik på 3,990 MNOK, og kjem av høgare kostnader til "legemidler egenadministrert H-reseptmidler" og kreftlegemidler brukt på sjukehusa.

Kjøp av offentlige helsetenester viser denne månaden eit positivt avvik på 1,285 MNOK. Dette gjeld kjøp av gjestepasientar frå andre regionar, medan kjøp av private helsetenester viser eit positivt avvik på 0,531 MNOK.

Personalkostnadane inkl. innleige av personell frå byrå viser denne månaden eit negativt avvik på 3,945 MNOK. Det er fortsatt negativt avvik til innleige frå byrå og overtid/ekstrahjelp, men løn til faste tilsette er lågare enn budsjettert.

Andre driftskostnadar viser denne månaden samla sett eit negativt avvik på 0,571 MNOK.

## 2.2 Sysselsettingsmidlar

Helse Fonna HF har fått tildelt 10,3 millionar i sysselsetjingsmidlar som må nyttast til vedlikehaldstiltak i 2017. I føretakets søknad om sysselsetjingsmidlar til Helse Vest RHF ble det opplyst at ein ville nytte delar av midlane til å ferdigstila følgjande tiltaks som ble påbyrja i 2016:

1) Prosjekt nr 620022 Utbetring murfasade hovedbygg Stord sjukehus
   Tiltaket er ferdigstilt.

2) Prosjekt 620036 Rehabilitering av kjøkkenlokala ved Hgsd sjukehus.
   Tiltaket er ferdigstilt. I følgje plan skulle tiltaket har vore ferdigstilt primo 2017, men som følgje av manglande framdrift hos entreprenør ble ikkje tiltaket ferdigstilt før august 2017. Entreprenøren ble ilagt dagmulkt og denne er akseptert.

   Det er bestilt noko tilleggsarbeid som vil bli gjennomført i perioden september – november 2017. Desse tillegga anser føretaket som hensiktsmessige å gjennomføre, men bestilte ikkje arbeida før hovudprosjektet formelt var ferdigstilt. Kostnadane blir belasta hovudprosjektet.

3) Prosjekt nr 620040 Rehabilitering av basseng Stord sjukehus
   Tiltaket er ferdigstilt

4) Prosjekt nr 620041 Rehabilitering av murfasade blokk G og H
   I august ble det påbyrja eit arbeid med å rehabilitere murfasadane på bustad blokk G og H ved Stord sjukehus. Dette som ei forlenging av rehabilitering av murfasadeen på hovudbygget.

5) Prosjekt nr 620042 Rehabilitering av leiligheter i Vinjesgt 12/14 Hgsd
   Tiltaket er ferdigstilt.

6) Prosjekt nr 620043 Rehabilitering av fraflyttede legevaktslokaler Stord sjukehus
   Tiltaket er ferdigstilt.

7) Prosjekt nr 620044 Rehabilitering av lokaler i Stord DPS – riving av vegg
   Tiltaket er ferdigstilt.

8) Prosjekt nr 620045 Taktekking blokk G og H
   Tilbod til Hovedbygget er motteke og føretaket har til hensikt å bestille taktekking til blokk G og H i denne kontrakten. I følgje planen skal tiltaket ferdigstillast i nov/des 2017.

9) Prosjekt nr 620046 Isolering loft Odda Sjukehus
   Det er inngått kontrakt på isolering av loftet ved Odda sjukehus. Dette er eit ENØK tiltak kor ENOVA har bekrefta at dei vil yta støtte til føretaket. Arbeida vil bli påbyrja i september 2017.

Det er ikkje starta opp ytterlegare sysselsetjingstiltak i perioden.

## 2.3 Investeringar

Føretaket fekk ferdigstilt alle planlagde investeringsprosjekt i 2017 med unntak av følgjande prosjekt:

1. Prosjekt nr 68183 Brannsikring Stord sjukehus
   Prosjektering av sprinkleranlegg ventilasjonsrom pågår. Arbeidet er planlagt utført i 2018.

2. Prosjekt nr 68191 Utskifting ventilasjonsaggregat M Blokk Hgsd (KA 5).
   Prosjektet er ferdigstilt.

3. Prosjekt nr 68192 Utskifting ventilasjonsaggregat V Blokk Hgsd (KA 15).
   Tiltaket er ferdigstilt. Samlet kostnad ble noko høgare enn budsjettert. Dette skuldast manglande framdrift hos entreprenør. Entreprenøren ble ilagt dagmulkt og denne er akseptert.

4. Prosjekt nr 68193 Utskifting av vinduer i 6 etg M Blokk Hgsd.

Prosjektet er ferdigstilt.

5. Prosjekt nr 68201 Skifte av vinduer hovedbygg Stord sjukehus
   Prosjektet er ferdigstilt.

6. Prosjekt nr 68204 kabling for trådlaust nettverk ved Valen sjukehus
   Prosjektet er ferdigstilt

7. Prosjekt nr 68205 Kabling for trådlaust nettverk ved Odda sjukehus
   Prosjektet er ferdigstilt.

8. Prosjekt nr 68207 Ombygging ifm utskifting av MR ved Haugesund sjukehus
   Føretaket tildelte i juni kontrakt til Siemens AS på leveranse av ny MR til Hgsd sjukehus. Prosjektering av naudsynt ombyggingsarbeid for å kunne installera/ montera ny MR ble påbyrja i august, Dei fysiske arbeida er planlagt påbyrja i oktober 2017 med ferdigstillelse mars/april 2018. Tekniske løysninger er under utredning.

9. Prosjekt nr 68208 Utskifting ventilasjonsaggregat M Blokk Hgsd – KA 4
   Prosjektet blir påbyrja i september og er planlagt ferdigstilt før årsskiftet 2017.

10. Prosjekt nr 68209 Dialyselokaler ved Haugesund sjukehus
    Arbeidet med å tilrettelegge for poliklinikk dialyse ble ferdigstilt i mars (G-blokk), mens tilhørende ombyggingsarbeid i M-blokk ferdigstilles i oktober 2017.

11. Prosjekt nr 68211 Skifte av sentraler for oksygen og lystgass Stord sjukehus
    Prosjektet er planlagt ferdigstilt i oktober/november 2017.

12. Prosjekt nr 68214 Samkjøring/backup av kjøleanlegg V/M/S blokk Hgsd
    Prosjektet ble påbyrja i august og første fase er planlagt ferdigstilt i okt/ nov 2017.

13. Prosjekt 69012 Skifte av vinduer ved Odda sjukehus
    Prosjektet ble påbyrja i juni og er planlagt ferdigstilt i septemer 2017.

14. Prosjekt nr 69013 Varmesentral Nye Valemoen - Valen Sjukehus

Det er foretatt ein tilstandsvurdering av varmesentralane ved Nye Valemon og Nye Hordabu. Begge anlegga er prega av alder/slitasje, og er modne for total renovering (lekkasjeproblemer i el-ekjel, ventiler, rør og utstyr, defekte shuntventiler/ styrings-autmoatikk, stort varmetap som følge av mangelfull isolering).

Kontrakt på rehabilitering av varmesentralen ved Nye Valemoen ble inngått før ferien og tiltaket ble ferdigstilt i august 2017.

15. Prosjekt 68217 Taktekking hovedbygg Stord Sjukehus
Føretaket mottok tilbod på taktekking av hovedbygget ved Stord sjukehus. Tiltaket skal i følgje plan ferdigstillast i løpet av okt/nov 2017.

16. Prosjekt nr 68088 Brannsikringstiltak Odda sjukehus. (videreført fra tidligere år).
Kontrakt ble inngått medio mai. Arbeidet pågår, og er ventet ferdig september.

17. Anskaffelse av garderobeskap
Prosjekt Bygg2020 har til hensikt å rive deler av psyk bygget i Haugesund. Dette inneber bl a at ein vil rive ein større garderobe for tilsette. Det er i den samaheng nautsynt å skifte ut eit større tal gamle garderobeskap, med nye skap som gir betre kapasitetsutnytting. Anbud er kunngjort på Doffin og tilbodsfristen er sett til primo okt 2017.

Anna

Føretaket har fått levert og sett i drift tre ambulansekjøretøy. Det vil bli levert ytterlegare eit kjøretøy i år med avtalt levering medio oktober.

Det er i tillegg levert og sett i drift fem administrativt kjøretøy (utskifting av eksisterende kjøretøy).

For MTU(medisinsk teknisk utstyr) er det hittil i år investert for 16,9 MNOK.

I prosjektet ByggHaugesund2020 er det investert for 38,8 MNOK hittil i år. På grunn av god framdrift i prosjektet er prognosen for 2017 er justert opp fra budsjettert nivå på 60 MNOK til det som er lagt inn i forprosjektet og langtidsbudsjettet på 87,624 MNOK dette året. Prosjektet er fortsatt innanfor totalramma for heile prosjektperioden på 1 890 MNOK.

| Investeringer 2017 | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| **Bygg** | **Ramme** | **Brukt hittil i 2017** | **Prognose** | **Løpende prognose** | **Avvik ramme vs prognose** |
| Brannoppgradering Stord, Valen og Odda | 2 000 | 857 | 2 000 | 2 000 | - |
| Reinvestering i Bygningar | 1 626 | 1 761 | 1 626 | 3 000 | - |
| Ombyggingar MTU installasjonar | 3 200 | 80 | 3 200 | 3 200 | - |
| Helse miljø og sikkerhetstiltak | 500 | 10 | 500 | 130 | - |
| Mindre bygningsmessige ombygningar | 4 550 | - | 4 550 | 1 200 | - |
| Utvidelse dialyse Haugesund | 6 000 | 2 812 | 6 000 | 6 000 | - |
| **Bygg Totalt** | **17 876** | **5 520** | **17 876** | **15 530** | **-** |
| **Tekniske anlegg** | | | | | |
| Reinvestering i tekniske anlegg | 15 324 | 5 110 | 15 324 | 15 000 | - |
| **Tekniske anlegg Totalt** | **15 324** | **5 110** | **15 324** | **15 000** | **-** |
| **Medisinsk teknisk utstyr** | | | | | |
| Investeringer påbegynt i 2016, men som avsluttes i 2017 | 17 700 | 15 461 | 17 700 | 17 700 | - |
| Enkeltkjøp under 5 mill | 25 000 | 1 460 | 25 000 | 25 000 | - |
| **Medisinsk teknisk utstyr Totalt** | **42 700** | **16 921** | **42 700** | **42 700** | **-** |
| **PROSJEKT BYGG 2020** | | | | | |
| Forprosjekt Bygg2020 | 60 000 | 38 843 | 87 624 | 87 624 | -27 624 |
| **PROSJEKT BYGG 2020 Totalt** | **60 000** | **38 843** | **87 624** | **87 624** | **-27 624** |
| **Andre investeringer** | | | | | |
| Ambulansar og administrative kjøretøy | 8 400 | 5 783 | 8 400 | 8 400 | - |
| Anna utstyr | **2 500** | 630 | 2 500 | 2 350 | - |
| **Andre investeringer Totalt** | **10 900** | **6 413** | **10 900** | **10 750** | **-** |
| **Investeringer 2017** | **146 800** | **72 808** | **174 424** | **171 604** | **-27 624** |

**ByggHgsd2020**

| **Beløp i heile tusen kroner** | **Totalt ByggHgsd2020** | **Investert i 2016** | **Investert i 2017** | **Investert totalt hittil** | **Nå-2023** |
|---|---|---|---|---|---|
| Investering (i 2017 kroner) | 1 890 097 | 35 622 | 38 843 | 74 465 | 1 815 632 |
| Bruk av finansieringsgrunnlag(30% egenfinansiering) | 567 029 | 35 622 | 38 843 | 74 465 | 492 564 |
| Opptent ikkje brukt finansieringsgrunnlag | | | | 184 134 | |
| Opptent finansieringsgrunnlag både brukt/ubrukt | | | | 258 600 | 308 430 |

## 2.4 Likviditet

Likviditetsoversikten ved utgangen av månaden viser ein disponibel likviditet på 572,283 MNOK, noko som er ei forbetring på 69,430 MNOK i forhold til førre månad. Prognosen for 2017 viser ein gjennomsnittleg disponibel likviditet på 503,694 MNOK.



# 3 Aktivitet og kvalitet

## 3.1 Aktivitet

| | Denne periode | | | | Resultat hittil i år | | | | Resultat hittil i fjor | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Radetiketter | Faktisk | Plan | Avvik fra plantall | Avvik fra plan % | Faktisk | Plan | Avvik fra plantall | Avvik fra Plan % | Hittil i fjor | Endring Fra i Fjor | Endring fra i fjor % |
| **SOM** | | | | | | | | | | | |
| Sykehusopphold Døgn | 2041 | 1965 | 76 | 3,9 % | 17402 | 16783 | 619 | 3,7 % | 17810 | -408 | -2,3 % |
| Sykehusopphold Dag | 709 | 681 | 28 | 4,1 % | 6161 | 6010 | 151 | 2,5 % | 6043 | 118 | 2,0 % |
| Polikliniske konsultasjoner | 11380 | 9883 | 1497 | 15,1 % | 91682 | 86284 | 5398 | 6,3 % | 90578 | 1104 | 1,2 % |
| Sum liggedøgn, avslutta i perioden | 7654 | 0 | 7654 | | 67600 | 0 | 67600 | | 72116 | -4516 | -6,3 % |
| Antall pasienter | 0 | 0 | 0 | | 47494 | 0 | 47494 | | 0 | 47494 | |
| Sum DRG-poeng | 2912 | 3033 | -121 | -4,0 % | 24966 | 24978 | -12 | 0,0 % | 25484 | -518 | -2,0 % |
| DRG-poeng H-resept | 23 | 42 | -19 | -44,8 % | 524 | 408 | 116 | 28,4 % | 498 | 25 | 5,0 % |
| Sum DRG-poeng Helse-Vest regioner | 2849 | 0 | 2849 | | 24070 | 0 | 24070 | | 24726 | -657 | -2,7 % |
| Sum DRG-poeng andre regioner | 23 | 0 | 23 | | 140 | 0 | 140 | | 143 | -4 | -2,8 % |

Tal pr. 12.09.17

## 3.2 Kvalitet

### 3.2.1 Ventetid (tal pr. 12.09.17)







### 3.2.2 Fristbrot (tal pr. 12.09.17)




**Fristbrot (tal pr. 12.09.17)**

## Tiltak fristbrot

### 3.2.3 Epikrise

**Epikrise Helse Fonna pr aug 2017**

| Resultat i forhold til budsjett | | | Resultat sammanlikna med førre år | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Budsjett | Resultat | Avvik | Resultat aug 16 | Resultat aug 17 | Avvik |
| 100 % | 81 % | -19 % | 78 % | 81 % | 2,1 % |




| | aug-16 | sep-16 | okt-16 | nov-16 | des-16 | jan-17 | feb-17 | mars-17 | april-17 | mai-17 | juni-17 | juli-17 | aug-17 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Epikriser inne 7 dgr | 2 009 | 2 082 | 1 914 | 2 216 | 2 156 | 2 303 | 2 316 | 2 162 | 1 740 | 2 161 | 2 285 | 1 814 | 1 984 |
| Antall utskrivningar | 2 560 | 2 699 | 2 508 | 2 685 | 2 667 | 2 879 | 2 905 | 2 720 | 2 231 | 2 751 | 2 848 | 2 157 | 2 463 |
| Andel innan 7 dgr | 78 % | 77 % | 76 % | 83 % | 81 % | 80 % | 80 % | 79 % | 78 % | 79 % | 80 % | 84 % | 81 % |

**Epikrisetid Fonna**




**Epikrisetid Kir**




**Epikrisetid Med**




**Epikrisetid PH**




**Epikrisetid Stord**

# 4 Utskrivningsklare pasientar




**Antall liggedøgn for utskrivningsklare pasientar**




**Utskrivningsklare pasientar**

I august månad var det 37 pasientar som låg i sjukehusa i Helse Fonna etter at dei var melde utskrivingsklare medan dei venta på eit kommunalt tilbod. Pasientane låg tilsaman 110 døgn. Tala for juli månad var henhaldsvis 65 pasientar og 186 liggjedøgn.

Ferieavviklinga i nokre av kommunane kan ha verka inn på høgare tal i juli månad. Det blei også meldt om MRSA i ein av kommunane i juli og august, noe som fekk negative konsekvensar for  utskrivinga av pasientar som høyrde heime i kommunen.

Geriatrisk seksjon ved Haugesund sjukehus hadde tilbod om ambulante tenester til Karmøy og Haugesund kommunar i perioden med ferieavvikling. Tiltaket der geriater/geriatrisk team går ut og rettleiar fagpersonell i kommunen er positivt motteke, og det er grunn til å tru at dette også førte til færre reinnleggingar.

# 5 Korridorpasientar

| Korridorpasientar pr aug 2017 | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Resultat i forhold til budsjett | | | Resultat sammanlikna med førre år | | |
| Budsjett | Resultat | Avvik | Resultat aug 16 | Resultat aug 17 | Avvik |
| 8 039 | 160 | 1,99 % | 2,86 % | 1,99 % | -0,87 % |




| | aug-16 | sep-16 | okt-16 | nov-16 | des-16 | jan-17 | feb-17 | mars-17 | april-17 | mai-17 | juni-17 | juli-17 | aug-17 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Antall korridorpasientar (døgn) | 206 | 168 | 161 | 209 | 223 | 246 | 178 | 247 | 219 | 333 | 262 | 169 | 160 |
| Antall sengedøgn - somatikk | 7214 | 7626 | 6879 | 7658 | 7424 | 8169 | 7010 | 7817 | 9152 | 8166 | 8157 | 6917 | 8039 |
| % - korridorpasientar | 2,9 % | 2,2 % | 2,3 % | 2,7 % | 3,0 % | 3,0 % | 2,5 % | 3,2 % | 2,4 % | 4,1 % | 3,2 % | 2,4 % | 2,0 % |

**Korridorpasientar**

# 6 Medarbeidar

Tal frå styringsportalen per 14.september 2017

## 6.1 Bemanning (Månadsverk, overtid og meirarbeid)

### 6.1.1 Månadsverk




| | Jan | Feb | Mar | Apr | Mai | Jun | Jul | Aug | Sep | Okt | Nov | Des |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Brutto månadsverk 2017 | 2 893 | 2 878 | 2 863 | 2 921 | 2 883 | 2 915 | 3 134 | 3 021 | | | | |
| Brutto månadsverk 2016 | 2 871 | 2 877 | 2 885 | 2 872 | 2 894 | 2 906 | 3 131 | 3 025 | 2 920 | 2 899 | 2 933 | 2 942 |
| Netto månadsverk 2017 | 2 507 | 2 480 | 2 453 | 2 519 | 2 497 | 2 346 | 1 712 | 2 117 | | | | |
| Netto månadsverk 2016 | 2 494 | 2 459 | 2 506 | 2 460 | 2 491 | 2 312 | 1 650 | 2 152 | 2 462 | 2 369 | 2 466 | 2 448 |

### 6.1.2 Overtid og meirarbeid



## 6.2 Sjukefråvær






### 6.2.1 Sjukefråvær fordelt på klinikkar/områder og kort- og langtidsfråvær

| | 2017 (august månad) | | | 2016 (august månad) | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Sjukefråvær % | Korttid (1-16 dg) | Langtid (17 dg +) | Sjukefråvær % | Korttid (1-16 dg) | Langtid (17 dg +) |
| **Helse Fonna HF** | **6,4** | **2,9** | **3,5** | **5,8** | **2,3** | **3,5** |
| Føretaksleiinga/Fag og føretaksutvikling | 1,6 | 1,1 | 0,5 | 9,5 | 2,7 | 6,8 |
| Økonomi området | 9,1 | 6,6 | 2,5 | 10,5 | 3,4 | 7,1 |
| HR området | 1,9 | 1,2 | 0,7 | 3,1 | 1,3 | 1,8 |
| Medisinsk klinikk | 4,8 | 3,0 | 1,8 | 5,9 | 2,7 | 3,2 |
| Kirurgisk klinikk | 5,4 | 1,9 | 3,5 | 4,8 | 1,6 | 3,2 |
| Klinikk for psykisk helsevern | 7,8 | 3,2 | 4,6 | 6,8 | 3,0 | 3,8 |
| Klinikk somatikk Stord | 8,4 | 4,2 | 4,2 | 5,0 | 1,8 | 3,2 |
| Kl. for medisinsk service og beredskap | 6,6 | 2,5 | 4,1 | 5,2 | 2,1 | 3,1 |
| Internservice området | 6,5 | 3,4 | 3,1 | 6,3 | 2,9 | 3,4 |

## 6.3 Deltid

Juridisk og korrigert gjennomsnittleg stillingsprosent



## 6.4 HMS

### Månadleg rapportering

I august 2017 blei det meldt 323 saker til forbetringssystemet Synergi, mot 292 i august 2016.

**Uønska hendingar Helse Fonna**




| | UH og forbedring, usortert | UH - Pasientrelatert | UH - HMS/Ansattskade | UH - Driftsrelatert | UH - IKT/Informasjonssikkerhet | UH med kons. Pasientrelatert | UH med kons. HMS/Ansattskade | UH med kons. Driftsrelatert | UH med konsekvens - IKT/Inf | UH uten kons. Pasientrelatert | UH uten kons. HMS/Ansattskade | UH uten kons. Driftsrelatert | UH uten kons. IKT/Inf-sikkerhet | Forbedringsområder | Frekvente hendelser | Klager / NPE | Revisjonsmodul |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Januar | 0 | 9 | 3 | 0 | 0 | 31 | 17 | 35 | 0 | 125 | 17 | 64 | 2 | 192 | 2 | 8 | 1 |
| Februar | 0 | 16 | 2 | 2 | 0 | 22 | 11 | 45 | 0 | 87 | 21 | 67 | 5 | 141 | 2 | 13 | 16 |
| Mars | 0 | 20 | 1 | 4 | 0 | 35 | 24 | 40 | 3 | 96 | 40 | 54 | 2 | 180 | 3 | 8 | 5 |
| April | 0 | 16 | 0 | 2 | 0 | 26 | 18 | 23 | 0 | 88 | 28 | 63 | 1 | 170 | 2 | 5 | 5 |
| Mai | 0 | 30 | 3 | 22 | 2 | 28 | 13 | 24 | 2 | 98 | 28 | 55 | 1 | 191 | 1 | 6 | 6 |
| Juni | 1 | 24 | 4 | 18 | 1 | 24 | 20 | 20 | 1 | 86 | 29 | 56 | 3 | 169 | 5 | 4 | 29 |
| Juli | 0 | 47 | 15 | 15 | 0 | 16 | 14 | 24 | 0 | 75 | 26 | 49 | 1 | 102 | 2 | 6 | 0 |
| August | 0 | 54 | 9 | 22 | 0 | 12 | 9 | 37 | 0 | 56 | 15 | 34 | 2 | 73 | 0 | 0 | 0 |

*Tabell 1: Uønska hendingar i Helse Fonna per månad i 2017. Alle registrerte saker. Statistikk per 14.09.17.*

### Uønska hendingar Helse Fonna per august 2017 – sakstype

Per august er 31 % av meldingane direkte pasientretta og 10 % direkte retta mot HMS/ansattskade.

| **Uønska hendingar Helse Fonna pr august 2017** | | |
|---|---|---|
| **Sakstype** | **Tal registrerte hendingar** | **%-del av totalt registrerte hendingar** |
| UH - Pasientrelatert | 216 | 6 % |
| UH - HMS/Ansattskade | 37 | 1 % |
| UH - Driftsrelatert | 85 | 2 % |
| UH - IKT/Inf sikkerheit | 3 | 0 % |
| UH med konsekvens Pasientrelatert | 194 | 5 % |
| UH med konsekvens - HMS/Ansattskade | 126 | 3 % |
| UH med konsekvens - Driftsrelatert | 248 | 7 % |
| UH med konsekvens - IKT/Inf | 6 | 0 % |
| UH uten konsekvens Pasientrelatert | 711 | 20 % |
| UH uten konsekvens HMS/Ansattskade | 204 | 6 % |
| UH uten konsekvens - Driftsrelatert | 442 | 12 % |
| UH uten konsekvens - IKT/Inf | 17 | 0 % |
| Forbedringsområder | 1218 | 33 % |
| Frekvente hendelser | 17 | 0 % |
| Klager / NPE - Klagesaker | 50 | 1 % |
| Revisjonsmodul | 62 | 2 % |
| **SUM hittil i år** | **3636** | **100 %** |

*Tabell 2: Sakstypar per august 2017*

### I det følgjande er det berre fokus på HMS/ansattskadar:

### Uønska hendingar i perioden juni-august 2017

| Hendelsetype, Nivå =3 | Tal registreringar | % |
|---|---|---|
| Hendelsetype ikke valgt, meldt men ikke saksbehandlet | 31 | 22 % |
| Ansattskade - Fall | 1 | 1 % |
| Ansattskade - Forflytning/løft - skyv/dra | 3 | 2 % |
| Ansattskade - Høy/lav temperatur | 1 | 1 % |
| Ansattskade - Kjemikalier/medikamenter/gasser | 1 | 1 % |
| Ansattskade - Klemt/fanget | 1 | 1 % |
| Ansattskade - Kutt, ikke påvist/ukjent smitte fra pasient | 3 | 2 % |
| Ansattskade - Sammenstøt/påkjørsel/velt | 2 | 1 % |
| Ansattskade - Smitteeksponering (ikke kutt/stikk) | 2 | 1 % |
| Ansattskade - Sprut/søl fra biologisk materiale | 2 | 1 % |
| Ansattskade - Stikk, ikke påvist/ukjent om smitte fra pasient | 7 | 5 % |
| Ansattskade - Trussel om vold/verbal sjikane | 17 | 12 % |
| Ansattskade - Voldsskade | 37 | 26 % |

| | | |
|---|---|---|
| Hendelse knyttet til pasientbehandling og pleie - Annet | 2 | 1 % |
| Hendelse knyttet til pasientbehandling og pleie - Psykiatrisk behandling og pleie | 1 | 1 % |
| HMS - Arbeidslokaler | 1 | 1 % |
| HMS - Avfall | 1 | 1 % |
| HMS - Brannvern | 2 | 1 % |
| HMS - Ergonomi | 2 | 1 % |
| HMS - Kjemikalier | 7 | 5 % |
| HMS - Medikamenter/cytostatika | 3 | 2 % |
| HMS - Organisatorisk arbeidsmiljø | 5 | 4 % |
| HMS - Psykososialt arbeidsmiljø | 1 | 1 % |
| HMS - Smitte/Biologiske faktorer | 5 | 4 % |
| HMS - Utstyr/Arbeidsutstyr | 3 | 2 % |
| SUM | 141 | 100 % |

*Tabell 3: Hendingstypar innan sakstype Ansattskade/HMS-hending juni-august 2017*

**Av melde sakar i juni, juli og august 2017, kan vi trekkje fram:**

**Juni**

- Fall på nypussa gulv – ga informasjon til andre
- Ryggvondt etter pallespikring
- Vald frå pasient – sikre opplæring i førebygging, samtale med medarbeider etter prosedyre
- Bitt og lugging av dement pasient under stell. Var fire personar til stades for å sikre. Ikkje blod, men bitemerke i handa. Smerter i nakke og skuldre for ein annan medarbeidar.
- Truslar, skubbing, klyping, kloring og spytting frå pasientar når dei fekk avslag på ulike ynskje, som f.eks. å få meir medisin.
- Slag ved prøvetaking. Manglande informasjon om at pasienten var ustabil.
- Pasient vrei tommelen på ein medarbeider under stell og halding.
- Spark og slag av pasient som ville ut av senga.
- Trusler og ufine kommentarer frå pasient som ikkje ville akseptere at bagasjen skulle gjennomgås ved retur til akuttpsykiatrisk.
- Pasient trua med barberblad og metallgjenstand og øydela inventar og tv. Politiet tilkalt.
- Stikkskade ved bruk av kanyle utan sikringsmekanisme.
- Rift i leggen etter å ha flytta avfallsekk.

**Juli**

- Stressituasjon då en pasient prøvde å leggje seg foran ein bil. Medarbeidar fekk oppfølgingssamtale etterpå.
- Smerter etter flytting av pasient. Trene på betre flytteteknikk.
- Pasient knuste eit vindu og ein medarbeidar fekk kuttskade.
- Slag i arm av ruspåvirka pasient
- Trugsmål då pasient ikkje fekk imøtekome ynskje om å vere lengre ute, å gå tur bort frå sjukehuset etc.
- Utagering, sterkt krenkjande og nedlatande kommentarar til medarbeidarar, etter mild grensesetting. Sjukefråvær i etterkant.
- Bilen braut saman under transport av pasient til Oslo. Venta på ny bil. Pasienten blei utålmodig, gjekk til angrep, slo i stykker brillene til medarbeidaren og stakk så av.

- Kloring
- Stikkskade. Tar kontrollprøver.
- Fekk sprut av såpe på auga. Gjekk 3,5 timar utan å sei frå. Skylde auga med skyllemiddel. Kontakta lege. Minner heile ansattgruppa om rutinar for bruk av verneutstyr og skyllemiddel.
- Pasient prøver å true medarbeidaren til å tilkalle politiet. Da medarbeidaren ikkje vil det, gjekk pasienten til angrep. Pasienten blei medisinert.
- Søl av serum i prøveglass utover handa. Lokket var ikkje sett skikkeleg på under transport.
- Slag og spytting ved grensesetting.
- Medarbeidar blei stukke av strikkepinne då ein skulle ta strikketøyet frå ein pasient. Ble innført forbud mot strikking på posten.
- Pasient prøvde å stjele medisinsk utstyr. Trua medarbeidaren då han blei oppdaga.
- Pasient kom med drapstruslar då medarbeidar skulle halde seg til oppsett begrensing i talet på sigaretter pr dag.
- Pasient prøvde å ta lighteren fra medarbeidaren då han skulle får fyr på røyken sin. Vrengte armen til medarbeideren rundt på ryggen, klemte og vrei.
- Slag frå pasient.

### August

- Stikk, kutt av knivblad etter operasjon. Tar blodprøver.
- Ambulanse skulle hente farleg pasient. Fekk utilfredsstillande informasjon om risikonivået på situasjonen. Rutinen blir gjennomgått med dei som skulle gitt informasjonen til ambulansen.
- Slag frå pasient som ville ut frå sikkerhetspost og som ikkje kunne gå ut.
- Utagering og kloring ved prøvetaking av dement pasient.
- Slag, spark, klyping, roping, skriking og angrep frå ustabile pasientar.
- Stikkskade. Holdt stikkepennen feil veg.
- Damplekkasje frå autoklave. Medarbeidar klarte å komme unna dampen og unngå brannskade.

### Kvartalsvis rapport

H-verdiane har stor grad av usikkerheit, då grunnlaget ikkje er tilfredsstillande. Det er i gang arbeid med omlegging av spørsmåla i Synergi, slik at grunnlagsdata blir betre.

- **H1-verdien** er fråværsskadefrekvensen, definert som arbeidsrelatert personskade som har ført til fråvær ut over skadedagen (egenmeldt og/eller sjukemeldt). H1 er berekna pr. million arbeidde timar.
- **H2-verdien** er personskadefrekvensen, definert som det totale tal arbeidsrelaterte personskader (dvs. summen av tal fråværsskader, tal dødsulukker, tal tilfelle av alternativt arbeid etter skade, og andre personskader, eksklusiv førstehjelpsskade) både med fråvær og utan. H2 er berekna pr. million arbeidde timar.

## Kvartalsvis rapportering - H-verdiane

| | 1. kvartal | 2. kvartal | 3. kvartal | 4. kvartal | Heile året |
|---|---|---|---|---|---|
| H1-2017 | 0 | 1,5 | | | |
| H2-2017 | 5,9 | 2,2 | | | |
| H1-2016 | 2,9 | 0,7 | 0,0 | 1,4 | 1,2 |
| H2- 2016 | 11,0 | 5,1 | 1,4 | 7,9 | 6,2 |

*Tabell 3: H1- og H2-verdiar for 2016 og 2017*